

Vedlegg 2

Årsmelding 2021

Utdanningsforbundet Ørsta



UTDANNINGS
FORBUNDET



Del 1: Om lokallaget

1.1	Årsmøte 2021
Tid:	28. april 2021
Stad:	Digitalt på Teams
Tema:	<ul style="list-style-type: none"> • Årsmøtesaker • Val

1.2			
Tal medlemmer	Pr. 01.01.2021	Pr. 31.12.2021	Endring frå 1.1.2021
Samla i lokallaget	455	459	+4
Medlemsgruppe, BHG (Offentleg)	68	65	-3
Medlemsgruppe, BHG (Privat)	21	20	-1
Medlemsgruppe, GSK	191	197	+6
Medlemsgruppe, VGO	33	35	+2
Medlemsgruppe, FAS	11	10	-1
Pensjonistar og andre	131	132	+1

1.3	Tillitsvalde		
1.3.1	Tillitsvalde i styret		
Namn:	Verv:	Medlemsgr:	Evt. frikjøp
Sindre S. Sandbakk	Lokallagsleiar	GSK	43% (Org. sentralt)
Dagny Riise Heggstad	Nestleiar	GSK	20% (Org. lokalt)
Monica Stokken	HTV		
Sunniva Vinjevoll	Styremedlem	BHG	
Marianne Knutsen	Styremedlem (01.01.21-30.07.21)	BHG (leiar)	
Arnt-Helge Bjerknes	Styremedlem (01.08.21-31.12.21)	BHG (leiar)	
Merethe Snipsøyr	Styremedlem	GSK	
Sunniva Redse Mjaaseth	Styremedlem	GSK	
Annelin Wangen	Styremedlem	GSK (leiar)	
Dag Aarflot	Styremedlem	VGO	
Struktur og samansetjing vart vedteke av årsmøtet 2014.			

1.3.2	Vara til styret	
Namn:	Verv:	Medlemsgruppe:
Thomas Lynghjem	Varamedlem 1	BHG
Britt Alice Espe	Varamedlem 2	GSK
Alise Bjørdal	Varamedlem 3 (01.01.21-31.07.21)	GSK
Thomas Wilter	Varamedlem 3 (01.08.21-31.12.21)	VGO
Struktur og samansetjing vart vedteke av årsmøtet 2014.		

1.3.3 Hovudtillitsvalde		
Namn:	Verv:	Evt. frikjøp
Monica Stokken	Hovudtillitsvald 1	67,5% (Arbgj.)
Sindre S. Sandbakk	Hovudtillitsvald 2 (vara)	

1.3.4 Tillitsvalde på arbeidsplassane pr. 01.08.2021		
	Namn på arbeidsplass:	Namn på tillitsvald:
Grunnskular	Dalane skule	Sunniva Ørjasæter Breidablikk
	Hovden skule	Thomas Lid Kleppe
	Sæbø skule	Hallgeir Aam t.o.m. 31.07.2021 Britt Alice Espe f.o.m. 01.08.2021
	Vartdal skule	Tommy Urke Synnes
	Velle skule	Ellen Myrene
	Vikemarka skule	Dagny Riise Heggstad
	Ørsta opplæringscenter	Jan Sylte
	Ørsta ungdomsskule	Sindre Sandbakk
	Åmås friskule (Privat)	Svein Erik Grevsnes
Vidaregåande skular	Ørsta vidaregåande skule	Dag Aarflot
Andre	Kulturskolen	Brynhild Hovden
Kommunale barnehagar	Rystene barnehage	Ragnhild Lingås
	Hovdebygda barnehage	Bente Tronstad
	Kvitveisen barnehage	Jeanette Berg
	Barnas Vel	Sunniva Vinjevoll
	Sæbø barnehage	Hanne Løvik Saure
	Dalane barnehage	Randi Elise Eiken-Lillebø
	Vartdal barnehage	Elisabeth Standal
Private barnehagar	Farkvammen barnehage	
	Krokedalen barnehage	Trine Kupaen Refvik
	Mosmarka barnehage	Beate Kristin Egset Bjerkvik
FAS	Ørsta kommune admin.	Irene Yksnøy Lianes (Kontaktperson)

1.3.5 Tillitsvald på fylkesnivå		
Namn:	Verv:	
Gerd Botn Brattli	Fylkesleiar	
Orlaug Bjørdal Kårstad	Styremedlem (Kontaktperson grunnskule)	

Del 2: Arbeidet i lokallaget

2.1	Arbeidet i styret	
A	Tal styremøter:	8
A.1	Tal saker behandla på styremøter:	57
B	Tal utvida styremøter/ATV-møte:	1
C	Årsmøte	28.04.2021 – Digitalt
D	Andre arrangement	- TVO1 i samarbeid med nettverk 1, nye tillitsvalde (Fosnavåg - sept.) - Medlemsmøte i samarb. med Volda: Stine Sofies stiftelse (Volda, okt.)

2.2	Arbeid etter satsingsområde:	
Satsingsområde 1:	Gode, inkluderende og trygge arbeidsplassar	
Målsetjing:	Tiltak:	Vurdering:
Arbeide for eit forebyggjande og helsefremjande arbeidsmiljø. Inkludert i dette inngår det å arbeide for at våre medlemmar skal oppleve ein arbeidskvardag fri for vald og truslar.	IA-avtalen og partssamarbeidet: <ul style="list-style-type: none"> Arbeidet aktiv med å implementere Bransjeprogram for barnehage. 	HTV har delteke i dette arbeidet, men det har blitt prega av pandemien. Arbeidet må vidareførast i 2022.
	Trygge arbeidsplassar: <ul style="list-style-type: none"> Skulere tillitsvalde i arbeidsmiljøtema. Fortsetje arbeidet mot vald og trakassering både når det gjeld førebygging og oppfølging av einskildmedlemer i slike saker. 	<p>Moglegheitene for skulering har vore avgrensa grunna pandemien, men det har vore tilbod om digital skulering i arbeidsmiljø via fylkeslaget der både ATV, verneombod og leiing vart invitert. Her deltok dei fleste av våre tillitsvalde.</p> <p>Det har vore ulike prosessar på dei ulike einingane rundt arbeidsmiljø. Våre tillitsvalde deltek i GNEIST-gruppene og gjennom drøftingar.</p>
Arbeide for at lærarar, elevar og barnehageborn for gode og likeverdige skule- og barnehagebygg.	Fysisk arbeidsmiljø: <ul style="list-style-type: none"> Påverke lokale politikarar til å prioritere skule- og barnehagebygg. Både i høve nybygg/renovering og vedlikehald. Sikre at det vert likeverdig tilbod til alle born og tilsette i Ørsta. 	<p>Lokallaget har jobba aktivt i prosessane rundt nye skule og barnehagebygg. Sæbø skule og barnehage er godt i gang, medan skulebygga i sentrum er klare for oppstart. Her har lokallaget både jobba politisk og inn mot media og FAU.</p> <p>Lokallaget har sendt høyringssvar til Barnehagemeldinga for 2021-26 og deltek i dei prosessane rundt denne.</p>

Satsingsområde 2: Kvalifiserte lærarar til alle born, unge og vaksne i heile utdanningsløpet		
Målsetjing:	Tiltak:	Vurdering:
<p>Arbeide for at alle elevar har lærarar med godkjend lærarutdanning i alle timar, uavhengig av kvar i utdanningsløpet dei er.</p> <p>Arbeide for at alle born i barnehagen har lærarar med godkjend barnehage-lærarutdanning i tråd med pedagognorma definert i barnehagepolitisk offensiv.</p>	<p>Sikre alle elevar og barnehageborn kvalifiserte lærarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> Lokallaget skal øve press på lokale politikarar for å sikre kvalifiserte lærarar. Påverke til auka lærartettleik i skule og barnehage. Følgje opp saka om norm for lærartettleik i skule. Jobbe for at nyttilsette skal få rettleiing av ein kvalifisert mentor og at den som er mentor får tid avsett til dette. Bidra i saka om styrking av barnehagelærer- og bemanningsnorma. 	<p>Lokallaget har jobba for å både forklare korleis normer og andre tilhøve verkar i skule og barnehage. I prosessen inn mot nytt budsjett for 2022 var det særleg stort press på seksjon skule, mykje av fokus gjekk difor til det.</p> <p>Ørsta låg i 2021 innanfor dei normene som styrer skule og barnehage. Den økonomiske situasjonen til kommunen har gjort at arbeidet i større grad handlar om å bevare enn å forbetre.</p> <p>Vi har ikkje fått konkrete gjennomslag for tiltaket om mentorar.</p>
	<p>Vidareutdanning:</p> <ul style="list-style-type: none"> Arbeide for at dei som må ta vidareutdanning pga. endra kompetanseføreskrift, får vidareutdanning gjennom kompetanse for kvalitet innan 2025. Støtte arbeidet med å få vidareutdanninga fullfinansiert. 	<p>Ørsta har gode system som gir moglegheit til å ta vidareutdanning for dei som treng og ønskjer det.</p> <p>Det har ikkje blitt endringar i ordninga som gjer denne betre enn tidlegare.</p>

Satsingsområde 3: Profesjonsutvikling på arbeidsplassen - Fagfornyninga i skulen og rammeplan for barnehagen		
Målsetjing:	Tiltak:	Vurdering:
<p>Lokallaget skal arbeide for at partssamarbeidet på arbeidsplassane vert styrka gjennom arbeidet med fagfornyninga i skulen</p>	<p>Profesjon og partssamarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> Ha eit særskilt fokus på tillitsvalttrolla som profesjonstillitsvalt. I samarbeid med arbeidsgjevar arrangere fellesskulering i lokale avtalar o.l. 	<p>Det vart gjennomført fellesskulering innan permisjonsreglementet i juni 2021. Dessverre var vi i konflikt då og difor kunne ikkje vi delta på denne.</p> <p>Fokuset på rollar som profesjonstillitsvalt har blitt prega av sterkt fokus på andre utfordringar som t.d. pandemien og handteringa av denne.</p>

og rammeplan for barnehagen.	Fagfornyninga i skulen <ul style="list-style-type: none"> Følgje opp arbeidet med fagfornyning ute på arbeidsplassane. Arbeide for at tilsette vert involvert i prosessane rundt dette arbeidet. 	Arbeidet med fagfornyninga har blitt prega av pandemien. Lokallaget har jobba mykje inn mot korleis profesjonen kan bli meir involvert i utforminga av utviklingsarbeidet. Særleg då med fokus på DeKomp.
	Rammeplan for barnehage <ul style="list-style-type: none"> Følgje opp evalueringa av arbeidet med rammeplanen gjennom å styrke ATV som profesjonstillitsvald. Involvering av profesjonen. 	Arbeidet med rammeplanen har blitt prega av pandemien. Lokallaget har jobba mykje inn mot korleis profesjonen kan bli meir involvert i utforminga av utviklingsarbeidet. Særleg då med fokus på ReKomp.

Satsingsområde 4: Profittfri og offentlig styrt utdanning		
Målsetjing:	Tiltak:	Vurdering:
Lokallaget skal arbeide for å fremje at skular og barnehagar vert drivne av kommunen eller ideelle aktørar. Tilskot, foreldrebetaling osv. skal i sin heilskap kome borna og elevane til gode.	Nye barnehagar og skular <ul style="list-style-type: none"> Jobbe politisk for at nye barnehagar eller skular vert bygd og drivne av kommunen eller ideelle aktørar. 	Lokallaget har tatt opp dette gjennom høyringa om barnehagemeldinga for 2021-26, avisinnlegg og samtalar med politikarar.
	Innkjøp av læremiddel og verktøy <ul style="list-style-type: none"> Styrke profesjonen til å ha reell påverknadskraft ved val av og innkjøp av læremiddel, program og digitale verktøy. 	Det var lagt opp til ein god prosess, men denne vart utsett grunna pandemien. Ungdomstrinna har fått gjennomført prosessar og kjøpt inn læremiddel. Barneskulane må starte oppatt prosessane i løpet av våren 2022.

Satsingsområde 5: Lønns- og arbeidsvilkår		
Målsetjing:	Tiltak:	Vurdering:
Lokallaget skal take i vare medlemmane sine interesser i saker som omhandlar lønns- og arbeidsvilkår. Vi skal vere godt budd og informert om sentrale forhandlingar og gjennomføre gode forhandlingar lokalt.	Tariff 2021 <ul style="list-style-type: none"> Halde dei tillitsvalde informert undervegs. Sikre at lokallag og klubbar er budde ved ei eventuell konflikt. 	Lokallaget var budd for konflikt og streik og klubbane var informert og klare.
	Arbeidstid <ul style="list-style-type: none"> Støtte dei tillitsvalde i barnehagane i å få reelle drøftingar om organiseringa av 	Lokallaget arrangerte digitale møter der arbeidstid var ein stor del av tema. Skulane har gjennomført forhandlingar og det har blitt gjennomført drøftingar i barnehagane.

	<p>arbeidstida, her under tid til planlegging.</p> <ul style="list-style-type: none"> Støtte dei tillitsvalde under forhandlingane om arbeidstid. Gjennomføre opplæring av alle tillitsvalde knytt til lokale forhandlingar om arbeidstid. 	<p>Det har blitt utforma felles system for avspasering i skuleverket, slik at dette vert likt praktisert.</p>
	<p>Lokale forhandlingar</p> <ul style="list-style-type: none"> Lokallaget skal gjennomføre lokale forhandlingar på ein måte som gjer at vi involverer aktuelle medlemmar i prosessen inn mot prioriteringar. 	<p>Det vart gjennomført lokale forhandlingar i kap. 4 og kap. 3 hausten 2022. I kap 4 vart det sendt ut høyring om kva overordna prioriteringar vi skulle ha. I kap. 3 fekk den einskilde moglegheit til å kome med innspel rundt eigne lønskav.</p>

Innsatsområde 6:	Klima og berekraftarbeid	
Målsetjing:	Tiltak:	Vurdering:
<p>Bidra til å utvikle ein ny, offensiv politikk for arbeidet med klima og berekraftig utvikling.</p>	<p>Klima og berekraftig utvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> Delta på kurs der klima og berekraft er tema 	<p>Deltatt på kurs der dette har vore eit av fleire tema.</p>
	<p>Utnytte det digitale rommet</p> <ul style="list-style-type: none"> Delta på digitale møter. Nytte kollektivtransport eller samkøyring dersom det er tilrådeleg. Nytte e-post og skylagring til møteinnkallingar og saksdokument. 	<p>Tiltaka er gjennomført som skissert.</p>

Generell vurdering av arbeidet med innsatsområda:
<p>Det meste av arbeidet i lokallaget handlar om å støtte dei tillitsvalde sitt arbeid på arbeidsplassane. Vi har godt skulerte tillitsvalde som gjer ein god jobb for medlemmane våre. Vi har eit godt samarbeid med kommunen i mange saker. Gjennom eit arbeidsår kjem det mange saker til som tek mykje tid og som gjer at ein må prioritere korleis ein nyttar ressursen best mogleg. Vi håpte at 2021 vart eit år der ein kom tilbake til normal drift og aktivitet. Dessverre vart også dette året sterkt prega av pandemien og aktiviteten måtte difor også tilpassast dette. Det løpande arbeidet i lokallaget har blitt gjort som vanleg, men aktivitetar som samlar mykje folk har blitt gjort på alternative måtar eller blitt utsett.</p>

2.3 Pensjonistane i lokallaget.	
Sak:	Vurdering:
Pensjonistgruppe i lokallaget	Lokallaget har ikkje oppretta pensjonistgruppe. Vi har undersøkt om det er interesse for å opprette ei pensjonistgruppe. Dersom nokon ønskjer å engasjere i dette, så vil lokallaget støtte dette arbeidet.

Del 3: Medrårderett:

3 Medrårderett		
A	Tal møte mellom hovudtillitsvald og arbeidsgjevar:	7 møte med seksjonsleiar skule 8 møte med seksjonsleiar barnehage 10 dialogmøte med rådmannsnivået 5 drøftingsmøte lokale forhandlingar kap. 3.4.2. og 3.4.1. 5 drøftingsmøte forhandlingar kap. 4
B	Tal møte i administrasjonsutval eller andre nemnder som avgjer personalspørsmål og tilsetjingar:	Adm.utvalet: 1 møte Arbeidsmiljøutvalet: 5 møte Tilsetjingsutvalet: 9 møte <u>Ikkje vedtaksføre organ:</u> KVEIK : 6 møte
C	Andre utval	NAV- bransjeretta tiltak Omstilling 2021-22 Byggenemd for sentrumsskulen Utviklingsforum
Saker som har vore drøfta med arbeidsgjevar:		
<ul style="list-style-type: none"> • Tilsetjingar • Permisjonssøknader • Arbeid med heiltidskultur (barnehage) • Stillingsomtalar i barnehage • Stillingsomtalar i skule • Arbeidstid for undervisningspersonalet i skuleverket - SFS 2213 (prolongert) • Arbeidstid for ansatte i barnehagen • Ferieavtale i barnehagen • Leirskuleavtalen – SGS 1010 • Stillingsomtale for rektor, assisterande rektor/inspektør • Stillingsomtale for seksjonsleiar skule • Rullering av permisjonsreglementet • Kompetansetillegg for fullført vidareutdanning • Legge Opplæringsssenteret innunder Ørsta Ungdomsskule • Koronasituasjonen og tiltak rundt den • Omstilling 2021 		

Del 4: Representasjon

4	Representasjon	
Lokallaget har vore representert i følgjande utval/komitear		Namn på representant:
Arbeidsmiljøutvalet		Monica Stokken
Administrasjonsutvalet		Monica Stokken
KVEIK		Monica Stokken
Arbeidsgruppe rullering av permisjonsreglementet for Ørsta kommune		Monica Stokken
Arbeidsgruppe for rullering av ferieavtalen i Barnehagen		Monica Stokken
Utviklingsforum		Monica Stokken

Del 5: Lokale forhandlingar

5	Lokale forhandlingar – gjennomføring og vurdering	
Forhandling:	Vurdering:	
Kap. 3.4.1:	Gjennomsnittleg tillegg vart på 3.78%	
Kap. 3.4.2:	Gjennomsnittleg tillegg vart på 3,92%	
Kap. 4	<p>Lokale forhandlingar i kap. 4.</p> <p>Prioriteringar frå UDF var:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Auke av eksisterande funksjonstillegg i skule - Auke av pedleiar tillegget - Auke av tillitsvaldtillegget i både skule og barnehage - Utjamning av skeivheiter blant ass.rektorane - Tillegg til unge/nyutdanna barnehagelærarar <p>Prioritering frå arbeidsgivar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Auke av verneombodtillegget i heile kommuna <p>UDF låg tett opp mot pro-rata, og ser seg nøgd med oppgjeret.</p>	
Arbeidstid skule (arbeidsårets lengde)	<p>Vidareføring av avtale frå 2015 for skuleåret 2021-22.</p> <p>SFS2213 vart hausten 2021 reforhandla sentralt. UDF og KS kom til semje om ny avtale i starten av 2022.</p>	

Del 6: Samla vurdering av arbeidet i lokallaget

6 Samla vurdering av arbeidet i lokallaget

Arbeidet i lokallaget har, også i år, blitt prega av pandemien. Vi la planar for at store delar av året skulle verte eit normalår, men slik vart det dessverre ikkje. Det kontinuerlege arbeidet med drift, politisk påverknad og medverknad har blitt gjennomført om lag som vi hadde planlagt, men det har vore lite rom for å skape møteplassar for dei ulike medlemsgruppene våre.

Lokallaget har eit godt fungerande styre og engasjerte tillitsvalde. Vi har godt samarbeid og gode system for medverknad i kommunen. Dei tillitsvalde i dei private einingane gjer ein god jobb som øvste tillitsvaldsledd i sin organisasjon.

Lokallaget har hatt ein jamn vekst i talet medlemmar dei siste åra og denne har halde fram i 2021.

Økonomisk har vi samla sett ein svært sunn økonomi i lokallaget. Mykje av våre midlar skal nyttast til å skape møteplassar for tillitsvalde og medlemmar. Dette har vore utfordrande og difor har vi ikkje brukt like mykje som vi hadde budsjettet med. Ein god del av dette går tilbake til fylkeslaget, men dette er midlar som skal gå tilbake til lokallaga og som vi kjem til å søkje om å få nytte t.d. for å arrangere kurs for ATVane i 2022.

Ut frå dei rammene som pandemien sette, så er vi godt nøgde med arbeidet som har blitt gjort. Vi håper at 2022 vert eit stort steg mot ein meir normal kvardag.

Ørsta, 18.03.2022

Sindre S. Sandbakk

Leiar

Dagny Riiise Heggstad

Nestleiar

Monica Stokken

HTV